

Adresseliste

Vår dato: 24.06.2024

Vår ref.: 201000310-22 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Damsikkerheit - informasjonsskriv 2024

Bakgrunnen for informasjonsskrivet er at NVE ønskjer å fokusere på enkelte tidsaktuelle tema og å informere om regelverket som gjeld sikkerheita ved vassdragsanlegg. Dette skrivet omhandlar:

- FoU
- Regelverkarbeid
- Beredskap/driftsprosedyrar og Dambrotsbølgeberekning
- Ulykker og uønska hending
- Ekstern SIV
- Melding om overføring av ansvar og eigarskifte
- Godkjenning

Informasjonsskrivet rettar seg i første rekke mot personar med vassdragsteknisk ansvar, det vil seie leiar, vassdragsteknisk ansvarleg (VTA), tilsynspersonell og NVE-godkjende fagansvarlege. Leiaren har ansvaret for at informasjonsskrivet blir gjort kjent for alt personell som arbeider med sikkerheits- og tilsynsoppgåver ved vassdragsanlegga.

FoU

FoU prosjektet Oppdrift og poretrykk er utført i 2023. Utførande har vore NGI, og fokuset har vore på poretrykksmåling ved forsterkning av platedammar, poretrykksmåling på fyllingsdammar på lausmassefundament og ulike krav om fundamentet er god berggrunn, har utprega svakheitssoner eller er lausmassefundament. Rapporten kan lastas ned [her](#).

I 2024 har vi eit FoU-prosjekt med tema reserve flaumløp som blir utført av NTNU.

Regelverksarbeid i 2024

I år gjennomfører vi eit forprosjekt for revisjon av damsikkerheitsforskrifta. Etter påske har det vore gjennomført eigne møte med leiarar, VTAar, fagansvarlege og ulike myndigheiter, for å få innspel til kva som er bra i forskrifta, kva som treng endring og arbeid med rettleiarar. Me hadde frist for skriftlege innspel til forprosjektet 30. mai 2024 og har no starta arbeidet med å gjennomgå dei. Forprosjektet skal etter planen avsluttast 1.10.24 og hovudprosjektet med forskrifta og rettleiarar vil først kunna starta i 2025.

«Veileder Informasjonssikkerhet» til damsikkerheitsforskrifta § 7-8 har vore på høyring, og vi er i gang med å gå igjennom innspel som har kome inn. Formålet med regelen er å syte



for at informasjon om vassdragsanlegg i konsekvensklasse 2-4 blir tilfredsstillende sikra og at han ikkje er tilgjengeleg for uvedkommande. Rettleiaren som har vore på høyring kan lesast [her](#).

Rettleiinga om kvalifikasjonskrav til NVE-godkjente fagansvarlege er også revidert etter høyring. Grunnen til det er at rettleiaren bidrog til for streng tolking av krav som medførte at få fagansvarlege fekk godkjenning. Den reviderte rettleiinga kan lesast [her](#).

Tillegg rettleiar betongdammar:

Etter nokre tilbakemeldingar frå bransjen har NVE revidert tillegg 3/3 til retningslinjer for betongdammer, det er blant anna supplert med eit tillegg om «Historisk utvikling og forvaltning av bestemmelser om platedammar». Det reviderte tillegget kan lesast [her](#)

Tillegg rettleiar fyllingsdammar:

NVE har revidert tillegget til «veileder for fyllingsdammar» om forvaltningspraksis for låge fyllingsdammar i konsekvensklasse 3 og 4.

Revisjonen inneheld ei presisering av behovet for å søke dispensasjon frå dampsikkerheitsforskrifta og mindre endringar i språk og layout. Det reviderte tillegget kan lesast [her](#).

Tillegg rettleiar for planlegging og bygging

NVE har revidert tillegget til «veileder for planlegging og bygging» om førebuande arbeid. Endringa kan lesast [her](#)

Rettleiar klassifisering av vassdragsanlegg

NVE har utarbeida eit notat som utdjupar tekst i «veileder 3/2014 Klassifisering av vassdragsanlegg» kap. 3.2.1 og kap. 4.3.1 om bruk av resultat frå dambrotbølgeberekning til klassifisering. Notatet kan lesast [her](#).

Beredskap/driftsprosedyrar og Dambrotbølgeberekning

Hendingar under Hans gjer at vi ser at NVE bør ha større fokus på tema i forskrifta som driftsprosedyrar, beredskap og dambrotbølgeberekning.

Krav til driftsprosedyrar er gitt i forskrifta sin [§ 7-1](#). Dei er særleg aktuelle for dammar med luker og anlegg som vert styrt frå driftssentralar. Mange anlegg vert styrte av personell frå driftssentralar som ligg langt frå anlegga. Dei må kjenna prosedyrane, kjenna anlegga og ha kunnskap om korleis manøvrering påverkar sikkerheita.

Krav til beredskapsplan er gitt i forskrifta sin [§ 7-4](#). Dei gjeld anlegg i konsekvensklasse 2-4 og kravet om beredskapsplan er at den skal vera på plass frå byggestart. Det er viktig at eigar informerer redningsmyndigheita om planen og gjennomfører øving saman med dei, for at ein skal kunne handtera ein beredskapssituasjon godt. Me føreset at beredskapsplanen vert revidert etter hendingar og at eigaren informere og øver planen med redningsmyndigheita.



Krav til dambrotbølgeberegning er gitt i forskrifta sin [§ 7-3](#). Kravet gjeld dammar i konsekvensklasse 2-4, og berekningane skal ligge føre før byggestart ved nybygging og før første revurdering for etablerte dammar. Mange berekningar er utførte før gjeldande forskrift kom. Det er blant anna kome nye krav om at fareområde p.g.a. følgeskade skal avdekkast. Måten å visa berekningsresultata digitalt på har også utvikla seg mykje. Vi ber derfor om at arbeidet med å utarbeida nye dambrotbølgeberekningar, der gamle berekningar ikkje er i samsvar med gjeldande krav, vert prioritert. Det er også viktig at resultata vert formidla til redningsmyndigheita i områda som vert råka, slik at ein kan planlegga beredskapen mot slike hendingar.

Ulykker og uønska hending

Rapporten om ulykker og uønskte hendingar i 2023 er no ferdig og kan lesast [her](#). Me har motteke i alt 21 meldepliktige hendingar for vassdragsanlegg i 2022 jf. damsikkerheitsforskrifta § 7-11. 17 gjeld dammar og 4 gjeld vassvegar.

Oppsummert vart det meldt inn 4 ulykker: 2 vassvegar (røyrbrot) og 2 dammar (dambrot, erosjonsskade i damtå). De øvrige 17 hendingane er kategorisert som uønska hendingar, 15 skjedde i samband med dammar og 2 i samband med vassvegar.

Damdatabasen SIV, ekstern versjon

Alle metadata på registrerte vassdragsanlegg er no lagt ut i den eksterne webapplikasjon av SIV. Dei ligg under *Rapport* som eigne tabellar. Du kan lese meir om *damdatabasen SIV* på våre nettsider [her](#).

Sektoravgift for damsikkerheitstilsyn. Fakturavedlegg med spesifisert oversikt pr. vassdragsanlegg for 2024, kan lastas ned frå damdatabasen SIV, under fana sektoravgift på hovudsida.

Merk at den som skal logge seg på løysinga i Altinn på vegne av føretaket må ha Altinnrolla Energi, miljø og klima.

Melding om overføring av ansvar (damsikkerhetsforskrifta § 2-9) og søknad om godkjenning av VTA

I dei tilfelle eigar ønskjer å overføre ansvaret for vassdragsanlegg til ein annan, ber vi om dette vert gjort før det blir sendt søknad om godkjenning av VTA for vassdragsanlegga. Vi opplever i fleire tilfelle at det ikkje er tilfelle.

I damdatabasen SIV held vi oversikt over både eigar og ansvarleg for dei respektive anlegga der ansvaret er overført.

Konsesjonar etter vassressurslova

Det er ikkje konsesjonsplikt for å eige vassdragstiltak som berre har konsesjon etter vassressurslova. Slike tiltak kan derfor overdragast utan at det er krav om vedtak frå vassdragsmyndigheita. NVE skal likevel ha melding ved eigarskifte for seinare oppfølging av anlegget mot rett eigar.



Av kapasitetsgrunnar utarbeider ikkje NVE nye konsesjonsdokument. Dokumenta vil derfor alltid ha med namnet til den opphavlege konsesjonæren.

Godkjenning

NVE sitt ansvar etter damsikkerheitsforskrifta består blant anna i å kontrollere og godkjenne tekniske planar, flaumberekningar og revurderingar for vassdragsanlegg. Kontrollen er stikkprøvebasert. Ressursane i Damtilsynet tillet ikkje ein detaljert og fullstendig gjennomgang av dokumentasjonen.

For tekniske planar godkjenner NVE lovlege løysningar, der det til dømes er fleire moglege alternativ for å oppfylle krava i damsikkerheitsforskrifta. Det er den ansvarlege sitt ansvar at valde løysningar ligg innafor krava i damsikkerheitsforskrifta og vassressurslova.

Ut i frå erfaringar i enkeltsaker må vi presisere at dersom til dømes ein revurderingsrapport er godkjend av NVE så betyr ikkje det at feil i rapporten er akseptert. Den fagansvarlege er ansvarleg og må ta følgene av feil og manglande oppfylling av regelverket. Og ein godkjent revurderingsrapport kan ikkje nyttast som argument for å vidareføre feil og manglar i ein teknisk plan for tiltak. Regelverket er alltid gjeldande, uavhengig av NVE si godkjenning

Anna

Frå 1.mai 2024 har underteikna gått ut av stillinga som seksjonssjef i «damtilsynet» etter 27 år i stillinga. Det har vore mange spennande saker og fine folk å arbeida saman med og åra har gått fort. Eg takkar for samarbeid desse åra.

Andreu Regué Barrufet har overteke som sjef i «damtilsynet» og allereie godt i gang med arbeidet.

Med helsing

Lars Grøttå
Sjefingeniør

Godkjent av Andreu Regué Barrufet
Seksjonssjef

Kristian Markegård
Direktør

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

Adresseliste

Kopimottakarliste:

FornybarNorge, ED